



Olav Bergsvik
Vassbygdvegen 279
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6175 - 23/77155

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
04.10.2023

Svar på spørsmål om driftsplan for eldre småbruk - gbnr 182/3 Gausereide

Landbrukskontoret syns det er positivt at de vil setja i stand denne garden, og busetja dykk der.

Nemninga våningshus på gardsbruk vert brukt om bustadhuset som eigar/drivar bur i. Dersom bygninga er naudsynt for drift av garden inngår den i landbruksbegrepet (LNF).

Omgrepet jordbruksproduksjon dekkjer i henhold til OT.prp nr. 72 (1993-1994) s.82 planteproduksjon i jordbruket og hagebruk. I tillegg er oppføring av driftsbygningar og våningshus ein del av omgrepet. Oppføring av generasjonsbustad og kårhus krev løyve. Årsaka til dette er at dei som bur der ikkje er direkte knytt til drifta.

Vanlegvis er det slik at dersom det er husdyrdrift på garden er det naudsynt at bonden bur der. I dei fleste høve vil husdyrdrift av eit visst omfang generera trong for våningshus, for det er vanskeleg å driva dyrehald dersom ein ikkje bur der fordi dyrehald krev dagleg tilsyn og oppfølging.

Det er ikkje slik at det sluttar å vera våningshus dersom garden ikkje er i drift eller det ikkje bur nokon der, men det er når ein ynskjer å gjera søknadspålyktige endringar det vert gjort nokre vurderingar.

Det er allereie eit våningshus på bruket dykkar i dag, og det er plan- og byggesaksavdelinga som må gjera vurderingane knytt til riving/oppføring av nytt hus. Landbruk vil få byggesaka til uttale. Der det er drift eller konkrete planar om drift vil me skriva at våningshus er naudsynt for drifta.

For å koma innunder landbruksreglane i plan- og bygningslova må drifta ha eit næringsmessig preg. Praxis i Alver er at dersom du har eit føretak, driv produksjon med næringsinntekt og mottak produksjonstilskot, vert garden rekna som å vera i aktiv drift. Det er vanskeleg å sei eit eksakt dyretal, men erfaringsmessig bør ein minst ha 12-15 sauer for å få

berekna tilskot. Dyra må vera i produksjon, dvs. få lam og det må leverast til dyr til slakt. Det er og nokre vilkår for tilskot som må vera oppfylt.

Driftsplan

Det finst ulike måtar å laga driftsplan på, det vert oftast brukt i samband med investeringar i på gardsbruk. Den skal avklara den økonomiske utviklinga for føretaket og familien dei neste 5 åra ut frå deira planar.

Det er og lurt å laga ei oversikt over ressursane bruket har både areal, bygningar, maskiner, dyr samt arbeidskraft, og korleis familien/bonden ynskjer at føretaket skal vera om t.d 10 år.

Ein tek utgangspunkt den produksjonen ein planlegg på garden og lagar det me kallar ei dekningsbidragskalkyle, som er inntekter frå produksjonen minus variable kostnader.

Oversikt over ulike produksjonar sine dekningsbidrag finn du her.

https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/3048393/NIBIO_BOK_2022_8_3.pdf?sequence=1&isAllowed=y
Det kan brukast som utgangspunkt og tilpassast til den aktuelle garden.

I tillegg vil alle utgifter og inntekter som påverkar familien sin økonomi vert tatt inn, og naudsynte investeringar for drifta.

I ei eksisterande drift kan ein gjera ei driftsanalyse for å sjå på om tala i plan er realistisk.

Driftsplan vert laga i samarbeid med økonomirådgjevar frå rekneskapslag, landbruksrådgivinga, samvirke eller andre med slik kompetanse. Landbrukskontoret lagar ikkje slike planar. Legg ved nokre lenker som kan vera nyttig. Driftsplanlegging er teneste som ein må betala for og det er mange aktørar som tilbyr dette.

<https://www.nlr.no/vare-tjenester/okonomi>

<https://medlem.tine.no/tjenester/radgivning-innen-okonomi-og-bedriftsutvikling>

<https://tveit.no/nokkeltall-landbruk/>

Litt usikker på kva mål de har med ein driftsplan. Visst det berre er med tanke på ei eventuell byggesak er det ikkje naudsynt med ein komplett driftsplan, men ei enklare oversikt som viser forgrunnlag, dyretal, forventa inntekter/utgifter vil vanlegvis vera dekkande. Ta gjerne kontakt om dette var uklart.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Olav Bergsvik

Vassbygdvegen 279

5912 SEIM